



Bergen og omegn Rørinstallasjon AS
Kanalveien 54
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2835 - 15/32535

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
20.10.2015

Rørleggjarmelding - gbnr 134/471 Hilland vest- bustad 26-29.

Delegert sak.

Vi viser til rørleggjarmelding m/vedlagte planteikningar og situasjonsplan VA, mottatt 15.10.2015

Adresse byggjeplass : Hilland Vest, 5911 Alversund
Type bygg : Bustader i rekkje. Bustad 26-29 (4 bustader).
Type arbeid : Tilkopling til offentleg vatn og kloakk og utføring av sanitæranlegg.

Rørleggjarmeldinga vert godkjent på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar og sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovudavløpsleidning og lavaste sluk i hus.

For vassleidning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassleidning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal sendast inn ferdigmelding m/vedlagt situasjonsplan til kommunen når arbeidet er utført.



Faktura for tilknytingsgebyr følger vedlagt til eigar, og vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar og undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling AS	Fagernes 4	5043	BERGEN
------------------------	------------	------	--------

Mottakar:

Bergen og omegn Rørinstallasjon AS	Kanalveien 54	5068	BERGEN
------------------------------------	---------------	------	--------

